

Fitjar støttar bompengesøknad

FITJAR: – Eg stemmer imot, eg meiner det er nok pengar til å rusta dei tiltaka som skal gjerast, seier Sigurd André Maraas (FrP).

– Eg vel å stola på at fagfolk har rekna rett, svarte Toralf Røen (Ap).

Maraas var den einaste i Fitjar kommunestyre som røysta imot å senda inn søknad om å utvida bompengerperioden for E 39 Halhjem-Sandvikvåg. Etter initiativ frå Fitjar og Stord kommunar, har Statens vegvesen

utarbeidd ein søknad om å utvida perioden for innkrevjing av bompengar for 2015 og 2016, til finansiering av ytterlegare tiltak på Fv 545. Statens vegvesen har i skriv av 13.01.14 bede om at Fitjar kommune sluttar seg til søknaden om utviding til 1. januar 2017. I tillegg til Fitjar er søknaden sendt til lokalpolitisk handsaming i Os og Stord kommunar. Vedtaket om å støtta søknaden blei avgjort med 16 mot 1 stemme.

Fengsel for fylletur

BØMLO: Mannen i 30-åra var langt frå edru då han var ute og køyrde bil ein søndags morgon i januar i år. Ein time etter køyringa blei promillen hans målt til 2,2.

Sunnhordland tingrett har no dømd mannen, som er utanlandsk statsborger, til 26 dagars fengsel. Han blir også frådømd retten til å køyra bil i Norge dei neste to og eit halvt åra.

Cruiseboom i Rosendal

KVINNHERAD: Rosendal er ein populær stad for turistar, og no også cruiseskip.

Så langt er det booka inn elleve anløp mellom mai og september, dobbelt så mange som dei siste åra, melder Grenda.

Bakarmeisteren fann suks

Bakarmeister Garman Bore (51) meiner ei ryddig og skikkeleg overtaking er ein viktig ingrediens i suksessoppskrifta til familiebedrifta.

THEA IDSØE
thea@sunnhordland.no

– Det er mykje takka vera foreldra våre at overtakinga gjekk så smertefritt som ho gjorde. Dei var fokuserte på gjera prosessen ryddig og hyra inn dyktige, eksterne fagfolk, seier Garman Bore, femte generasjons eigar av Leirvik Dampbakeri AS, som i dag har gjæra seg ut til å bli Stord Holding AS med 11 verksemder.

Eierskiftealliansen i Hordaland har utarbeidd lokale analysar som syner kor viktige små og mellomstore bedrifter (SMB) er for sine kommunar og regionar.

36 prosent av arbeidstakarane i privat sektor i Sunnhordland arbeidar i småbedrifter der ein eigar sit på 50,1 prosent eller meir av aksjane.

Ingen overstyring

På eit frukostmøte i regi av Eierskiftealliansen i Hordaland, i samarbeid med Stord næringsråd, vart viktigheita av godt planlagte generasjonsskifte set søkjelys på.

Ei familiebedrift som har lukkast er Stord Holding AS, som i nitti år og over fem generasjonar har vore i familien Bore sitt eigarskap. I 1999 tok Garman Bore og søskena hans over bedrifta frå foreldra. Dei tre søskena overtok ein lik andel av 26 prosent av B-aksjane, medan foreldra sat att med A-aksjane.

– Slik sett overtok me bedrifta, men kunne likevel overstyrast av foreldra våre, seier Bore.

Skilja jobb og privatliv

Grunna eldrebølgja vil det bli mange generasjons- og eigarskifter i heile Sunnhordland dei neste ti åra. Eit godt planlagt eigarskifte kan sikra bedriftene si vidare utvikling og vekst, meiner Eierskiftealliansen i Hordaland.

– Di fleire det skal delast på, di større utfordringar blir det. Me har laga klare reglar slik at ingen kan ta ein snarveg ut, alle må vera hundre prosent einige før ein sel seg ut, seier Bore.

– Den største utfordringa for oss har vore at me på eitt tidspunkt diskuterte bedrifta 24 timar i døgnet. Til slutt måtte me bli einige om at familieselskap er familieselskap, og jobb er jobb, seier bakarmeisteren.

Kva bringer framtida?

–Kva skjer med neste generasjon? Vil dei i frykta for skit-



ne hender heller jobba med olje og data?

– For Sunnhordland er det viktig at levedyktige bedrifter vert vidareført når majoritetseigarar må trekkje seg tilbake. Dette er viktig for lo-

kalsamfunnet, seier Kristian Skjølaas i NHO.

– Kva som skjer med neste generasjon i vår bedrift er for tidleg å seia noko om. Men me ser at tida vil koma og er det ein ting me veit så er det

at me skal gjera det like ryddig som foreldra våre, seier Bore og presiserer at eit viktig prinsipp for å sikra framtida til familiebedrifta er at overtakinga er frivillig.

FAKTA

Majoritetseigarar i Sunnhordland

■ Majoritetseigarar (50,1 prosent av eigardelen eller meir) i små og mellomstore bedrifter (SMB) står for 36 prosent av sysselsetjinga i privat sektor i Sunnhordland.

■ I kommunane står SMB med majoritetseigarar for følgjande prosent av sysselsetjinga i privat sektor:

■ Sveio: 88 prosent.

■ Etne: 71 prosent.

■ Austevoll: 49 prosent.

■ Tysnes: 38 prosent.

■ Kvinnherad: 37 prosent.

■ Fitjar: 35 prosent.

■ Stord: 29 prosent.

■ Bømlo: 26 prosent.

Kjelde: Eierskiftesenter/ Experian

Bømlo-båt til Fitjar

FITJAR/BØMLO: Fitjar Mekaniske Verkstad (FMV) skal byggja arbeidskatamaran til Bømlo-selskapet Marinus Aqua Service AS.

Båten er ein 15 x 12 meter arbeidskatamaran. Fartøyet er den tredje av denne typen frå FMV, og verftet har ein tilsvarande katamaran under bygging no. Katamaranen skal leverast til reiarlaget i oktober.

Marinus Aqua Service AS held til i Urangsvåg og jobbar mykje mot oppdrettsnæringa, med spyling av oppdrettsmerdar, assistanse ved avlusning og ROV-inspeksjonar.

– For FMV er dette første nybygg til Marinus Aqua Service. Me er nøgde me å ha fått ein ny kunde og takkar så mykje for tilliten, skriv FMV i ei pressemelding.



Ville hausta marihuana

SVEIO: Mannen i 20-åra hadde dekkja til vindauga, installert varmelampe, vifte og temperaturmålar. Alt saman for å dyrka marihuana.

Då politiet slo til mot huset etter anonymt tips, fann dei sju plantar i varierende storleik. Sunnhordland tingrett meiner at dyrkinga ikkje har vore særleg profesjonell og dømmer mannen til 30 dagars fengsel som blir sett på vilkår med to års prøvetid.

essoppskrifter



Garman Bore snakka om generasjonsskifte i familiebedrifta under morgonmøtet til Eierskiftealliansen i Hordaland på onsdag. Verksemda brukte eksterne fagfolk under overtakinga.

FOTO: HENRIK MUNDAL ANDREASSEN

«Båtkjøpar» stal båten



Sunnhordland tingrett har dømt ein mann i 40-åra til fengsel, etter at han stal ein båt som var til sals.

ARKIVFOTO: HILDE VORMEDAL NYBØ

40-åringen drog til Bømlo for å sjå på ein båt som var til sals. Det blei ikkje noko sal, men 40-åringen tok med seg båten.

HILDE VORMEDAL NYBØ
hildevn@sunnhordland.no

40-åringen og to kompisar drog til Bømlo for å sjå på ein båt som låg til sals. Båten blei prøvd, men det blei ikkje noko sal.

Dagen etter blei båteigaren gjort oppmerksom på at båten var vekk, og melde den stolen.

Politiet fann båten att i Austevoll. Her fann dei også ein anna båt som var meldt stolen frå Bømlo.

40-åringen hevda i retten at han hadde kjøpt den første båten for 50.000 kroner, der 15.000 skulle betalast seinare. Han hadde allereie seld båten vidare for 75.000 kroner.

Sunnhordland tingrett er ikkje i tvil om at mannen har teke dei to båtane med seg utan lov frå eigarane, og har funne han skuldig i tjuveri.

Mannen er også dømd for tre gongar å ha fylt bensin og køyrd ifrå reknunga. Sunnhordland tingrett har landa på ein straff på 90 dagar i fengsel, der 45 dagar blitt utsett med ei prøvetid på to år.

Må spara på varmen

BØMLO: Energiltaka i kyrkjene har ikkje redusert straumkostnadene på Bømlo-kyrkjene nok. No skal det monterast straumstyringsanlegg for å få ned kostnaden, melder Bømlo-nytt.

I fjor kom straumrekninga for alle kyrkjene på nærare 300.000 kroner, og i 2014 skal straumutgiftene ned 15 prosent. I fjor vart det montert varmpumper for å redusera straumforbruket, men slik

har det ikkje gått.

– Tvert imot så har det gjeve høgare utgifter, iallfall på kort sikt, innrømmer kyrkjevevjer Arne Salmelid overfor lokalavisa. Men som eit pluss kan det nemnast at varme og komfort for tilsette og kyrkjegjengarar aldri har vore betre enn etter at varmpumpene kom på plass.